



## Program for Bremanger SV 2023-2027

### Bremanger må byggjast!

---

Bremanger skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i. Vi treng fleire fastbuande som er med å byggje lokalsamfunna våre. Vi må satse på fornybar energi, kreative næringar, inkluderande gratis tilbod til barn og unge og utbetring av vegane våre. SV vil leggje til rette for bustadbygging i alle bygder og tilby attraktive tomter til dei som ønskjer å bli fastbuande, og vi vil praktisere ei streng buplikt. Vi vil arbeide for fleire møteplassar, at det skal være lys i husa og eit varmare samfunn.

### Eit sterkare lokaldemokrati

---

Det er viktig at lokalsamfunna er aktivt med i utviklinga av kommunen. Innhaldet i kommunale tenester skal formast i open dialog med innbyggjarane. SV vil setje

demokratiopplæring for barn og unge på dagsordenen, slik at dei unge stemmene også blir høyrde.

#### **Bremanger SV vil:**

- syte for at tiltaka i kommunen sin demokratiplan blir gjennomførte slik at barnehagar, skular, frivillige organisasjonar og politiske organ blir viktige arenaer for demokratiopplæring.
- sikre god kommunikasjon med elevråda, gjere saker meir tilgjengelege sosiale medium, og vidareutvikle elevråda og ungdomsrådet.

#### **Klimakamp no, ikkje seinare**

---

Bremanger skal gå føre når det gjeld å ta vare på naturmangfald, redusere klimautslepp og ha ein tydeleg miljø- og klimaprofil i alt sitt arbeid. Vi skal satse på fornybare energikjelder, men ikkje berre vind.

#### **Bremanger SV vil:**

- byggje fleire gang- og sykkelveggar, først og fremst i tilknytning til oppvekstsentra våre.
- etablere ladestasjonar for el-bilar i tettstadane i kommunen.
- rydde opp alt søppel som ligg rundt om i kommunen, og sikre gode ordningar for handtering av søppel i til dømes søppelbøtter i tilknytning til utferssadar og for avhending av storboss.
- seie nei til fleire vindkraftverk.
- at kommunen skal vere miljø- og klimamedveten i alt sitt arbeid.

#### **Bremanger som verdiskapar**

---

Kommunen må vere ein aktiv støttespelar for næringslivet. Stabil busetnad er avhengig av næringsutvikling og eit variert tilbod om arbeidsplassar. SV vil arbeide for å styrke rekrutteringa og å auke talet på lærlingar, og lærlingplassar innan fleire ulike fagfelt enn det vi finn i kommunen i dag.

### **Bremanger SV vil:**

- gå imot utbyggingsplanane ved Holmaneset slik dei ligg føre.
- vere pådrivar for å betre vegstandarden i kommunen, prioritere fylkesvegen Svelgen–Indrehus og utbetre strekninga Davik–Rugsund.
- støtte opp om etableringar, utviklingsprosjekt og næringshagar
- arbeide for ei auka satsing på landbruket i kommunen.

### **Bremanger - ein god plass å bu for alle**

---

Bremanger SV vil syte for gode tenester i helsestasjonane og at barnehagar og skular gir gode oppvekstkår for barn og unge.

SV vil sikre at alle skal oppleve ein trygg og meiningsfull alderdom og få den hjelpa dei har krav på og treng.

### **Bremanger SV vil:**

- innføre ein utvida leksefri skuledag med gratis måltid, kulturskuleopplæring og idrettsaktivitetar integrert i skuledagen.
- innfri regjeringa si "fritidserklæring" som sikrar alle barn og unge å delta i minst ein fritidsaktivitet jamleg.
- arbeide for ein inkluderande og mobbefri skule og barnehage med plass til alle.
- tilsetje miljøarbeidarar i kommunen
- styrkje kapasiteten til psykisk helsearbeid i skulane, og arbeide for betre tilbod innan psykisk helse for barn og unge.
- vurdere behovet for tilsetting av psykolog i kommunen.
- opprette dagtilbod til demente som bur heime.
- etablere fleire eldrebustader ved institusjonane/omsorgsentra våre.
- leggje til rette for at eldre får god hjelp og støtte, og kan bu heime så lenge det er mogeleg.
- tilsetje musikkterapeut i full stilling.
- etablere eit breiare fritidstilbod for ungdomar.

## Kulturkommunen

---

Eit godt og variert kulturtilbod til alle innbyggjarar er viktig. Bremanger SV vil arbeide for at alle skal få tilgang til gode kulturopplevingar. Kommunen må også leggje til rette for at folk frå andre kulturar kan verte integrerte og få delta i kultur- og organisasjonsliv.

### Bremanger SV vil:

- sikre gode vilkår for frivillige organisasjonar.
- løyve midlar for å sikre eit lågterskel ferietilbod til barn og unge.
- etablere livssynsnøytrale seremonirom i kommunen.
- utvide tilbodet innan musikkterapi for barn, unge og eldre i institusjon.
- arbeide for gode kulturopplevingar og meningsfulle aktivitetar for dei eldre.
- styrkje frivillig-sentralen som viktig arena for engasjement og samhald.
- opprette utstyrsfilialen BUA i ytre del av kommunen.

## Reiselivskommunen

---

Bremanger kan by på mange rike naturopplevingar, frå hav til bre. Storslagen natur gjev gode vekstvilkår for opplevingsturisme i alle delar av kommunen.

Bremanger har også mange verdifulle kulturminne som kan gje rike opplevingar både for fastbuande og turistar om vi formidlar dei godt. SV vil gjennomføre tiltak for å gjere kulturminna meir kjende og synlege for turistar og lokalbefolkning.

### Bremanger SV vil:

- synleggjere og formidle viktige kulturminne
- etablere visningssenter for Vingen/Skatestraumområdet.
- halde ved like og utvikle nye turvegar og fjellstiar for å stimulere til opplevingsturisme.
- sikre urørte naturområde for framtidige generasjonar.

# Røyst SV!



- 1. Norvall Klungresæter** (62 år) bur på Klungreset i ytre Bremanger. Han er musikkutdanna, og arbeider som lærar og organist. Norvald vil arbeide for dei mange, ikkje dei få. Han er særleg oppteken av klima og artsmangfald, og ser dette som vår tids største utfordring. Bremanger må bli mest mogeleg klimavenleg med ein tydeleg miljøprofil. Han er også oppteken av at alle skal ha ein meningsfull kvardag, dette vere seg på skulen, ved eldreinstitusjonane eller på fritida, der vi som innbyggjarar skal oppleve eit trygt, lærande og utviklande miljø. Difor ser han det som viktig å arbeide for å oppretthalde gode kommunale tenester nær innbyggjarane. Han vil også fokusera på tiltak for å få opp rekrutteringa til jordbruket, slik at vi kan ta vare på og utnytte matjorda vår.



- 2. Grete Berntzen** (49) bur på Stranda i Kalvåg saman med mann, to barn og omlag 40 villsau. Som mor og lærar er ho særleg oppteken av å betre oppvekstvilkåra for barn og unge i kommunen. Ho meiner det er viktig å sikre at alle får delta i fritidsaktivitetar der dei kjenner seg verdsett og inkluderte. Difor vil ho arbeida for ein god bredde i idretten og ein kulturskule med tilbod innan fleire ulike kunstfag. Ho vil også styrkje ungdomane sin medverknad, både i skulen, i lag og organisasjonar, og i utviklinga av bygdene våre. Ho meiner at om vi skal få dei unge til å flytte heim, så må vi lytte til dei.



- 3. Karsten Reichl** (34) bur i Svelgen med fire barn, er utdanna industrimekanikar, og likar å driva med kunst, handverk og kreativitet. Han er arbeidsinnvandrar med tysk opphav. Der 12 år sidan han flytta til Noreg og 10 av dei har han budd i Svelgen. Karsten brenn for frivillighet og elsker å hjelpa andre. Natur, frivillighet og FN sine berekraftsmål er særleg viktige tema for han. Karsten er oppteken av oppvekskåra for barn og unge, og vil arbeida for at det skal finnast gode fritidsaktivitetar for alle, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn.